

## VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Onsdag 24. mai 2023 blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiing av utvalsleiar Anne Tone Salte Andersen.

<b>MØTESTAD:</b>	Vindafjord rådhus, formannskapssalen
<b>MØTESTART-MØTESLUTT:</b>	Kl. 15.00 – kl. 16.20
<b>MØTANDE MEDLEMER:</b>	Anne Tone Salte Andersen (H), Eivind Hetland (Krf), Knut Severin Berge (Frp), Kjell Ove Leite (H) og Olaug Mari Øen (Sp)
<b>MØTANDE VARAMEDLEMER:</b>	Ingen
<b>FORFALL:</b>	Ingen
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Utvalssekretær/rådgjevar Sjur Hatlen – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ ROGALAND REVISJON IKS:</b>	Revisor Therese S. Bjørkeland
<b>FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:</b>	Kommunedirektør Yngve Folven Bergesen og økonomisjef Vegard Bang
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>	Ingen

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### **SAK 05/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 15.02.23**

**Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 15.02.23 blir godkjent slik han ligg føre.

**Handsaming i kontrollutvalet 24.05.23:**

Protokollen blei godkjent slik han var lagt fram.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.05.23:**

*Protokoll frå kontrollutvalsmøte 15.02.23 blir godkjent slik han ligg føre.*

## **SAK 06/23 UTTALE TIL REKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2022**

### **Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling:**

Vindafjord kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2022 slik den ligg føre (med desse endringane/tillegg).

Kontrollutvalet tilrår at Vindafjord kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022.

### **Handsaming i kontrollutvalet 24.05.23:**

Utvalsleiar innleia om årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022. Kommunedirektøren informerte munnleg om drifta i 2022, blant anna om økte energiprisar, mottak av flyktningar, høgare rentekostnader og lønnsoppgjeret. Drifta i 2022 hadde vore prega av korona og eit høgt sjukefråvær. Kommunen hadde likevel klart å oppretthalde drifta på eit godt nivå.

Revisor Therese S. Bjørkeland orienterte om revisjonen sitt arbeid. Ho gjorde greie for kommunen sin økonomiske situasjon og kommunen sine måltall. Vidare gjorde ho greie for funn/merknader i dei ulike delane av rekneskapen. Revisjonsmeldinga har positiv konklusjon. Revisor hadde nokre framlegg til forbetringar, men ho meinte at kommunen hadde god kontroll og gode rutinar.

Kommunedirektøren og økonomisjef svara på spørsmål om mellom anna mindreforbruk av investeringar i forhold til budsjett og redusere utgiftene.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.05.23 og innstilling:**

*Vindafjord kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2022 slik den ligg føre.*

*Kontrollutvalet tilrår at Vindafjord kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022.*

## **SAK 07/23 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL - REVISOR SI ATTESTASJON**

### **Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Vindafjord kontrollutval tar revisor si attestasjonsuttale om innhenting av politiattest til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 24.05.23:**

Revisor orienterte om kontrollen. I 2022 hadde dei undersøkt innhenting av politiattestar. Dei hadde kontrollert eit utplukk på 24 tilsettingar og ikkje funne avvik. Konklusjonen var positiv.

Utvalet hadde ingen særskilte merknader.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.05.23:**

*Vindafjord kontrollutval tar revisor si attestasjonsuttale om innhenting av politiattest til orientering.*

## **SAK 08/23 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 24.05.23**

9. Statusrapport pr. mai 2023
10. KST-vedtak 14.02.23, sak 07/23 – rapport «Digitalisering og IKT»
11. KST-vedtak 28.03.23, sak 19/23 – Årsmelding Vindafjord kontrollutval
12. Protokoll frå repr.skapsmøte 24.04.23 - Haugaland Kontollutvalgssekretariat IKS
13. Repr.skapsmøte 21.04.23 – Haugaland Vekst IKS
14. Generalforsamling 28.04.23 – Haugaland Kraft AS
15. Repr.skapsmøte 15.05.23 – Haugaland brann og redning IKS
16. «30 år med kontrollutvalg – og fortsatt ikke for pyser» - Kommunal Rapport 20.03.23

### **Handsaming i kontrollutvalet 24.05.23:**

Leiar gjorde greie for referatsakene, og informerte om at ho ikkje kunne reise på FKT-konferansen i Trondheim 31.05-01.06.23. Dette grunna dødsfall i nær familie. Ho oppmoda andre i utvalet til å reise i hennar stad, men det var ingen av medlemmane som hadde moglegheit.

Utvalet hadde ingen merknader til referatsakene.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.05.23:**

*Referatsaker 9 – 16 blir tatt til orientering.*

### **YMSE**

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

### **Neste møte: onsdag 13.09.23, kl. 15.00**

**Saker:** oppfølging av revisjonsrapport «Digitalisering og IKT», utvalet sitt budsjett for 2024 og evaluering av valperioden 2019 – 2023.

Ølen/Aksdal, 24.05.23

Anne Tone Salte Andersen  
Kontrollutvalsleiar

Sjur Hatlen  
Utvalssekretær